



## MØTEPROTOKOLL

### Kontrollutvalet

**Dato:** 27.11.12                      **Kl.:** 10.00 – 13.20                      **Stad:** Kommunestyresalen, Bømlo rådhus  
**Saknr.:** 40/12 – 47/12

### MØTELEIAR

Sonja Hellen Sele (H)

### DESSE MØTTE

Georg Lønning (H)  
Svanhild Vespestad (Ap).  
Kåre Habbestad (SP)  
Terje Olav Nesse (V)  
John-Kåre Torkelsen (Krf)

### FORFALL

Det var ingen forfall til møtet.

### DESSUTAN MØTTE

Ordfører Odd Harald Hovland var med i sak 40/12 til sak 43/12.  
Økonomisjef Jarle Nakken var med i sak 40/12 til sak 43/12, med unntak av ymse i sak 43/12.  
Revisor Else Holst Larsen frå Deloitte AS var med i heile møtet.  
Seniorrådgiver Aslak Svindland frå Deloitte AS, var med i heile møtet.  
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/ Elin Molven.

## Sakliste:

Saknr.	Sak
40/12	Godkjenning av innkalling og sakliste
41/12	Godkjenning av protokoll frå møte 19.9.12
42/12	Rådmannen orienterer
43/12	Meldingar
44/12	Orientering
45/12	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune
46/12	Oppstart av prosjekt innan forvaltningsrevisjon
47/12	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

## 40/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom nokre redaksjonelle merknader til innkalling og sakliste.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend, med dei redigeringane som kom fram i møtet.

## 41/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 19.09.12

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 19.09.12.

### VEDTAK

Protokollen frå møte 19.09.12 vart samrøystes godkjend.

## 42/12 RÅDMANNEN ORIENTERER

### FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### HANDSAMING I MØTET

Økonomisjef Jarle Nakken orienterte om innhaldet i budsjettbrevet frå fylkesmannen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtaket var samrøystes.

### VEDTAK

Utvalet ser seg nøgd med orienteringa vedrørande budsjettbrevet frå fylkesmannen.

## 43/12 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
31	Kommunestyret	Plan for selskapskontroll i perioden 2011 – 2015. Vedtak i KST.
32	Kommunestyret	Plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2011 – 2015. Vedtak i KST.
33	Kommunestyret	Sjuefråværet til og med juli 2012.
34	Kommunestyret	Revisjon av Bømlo kommune si eigarskapsmelding.
35	Kommunestyret	Tertialrapport 2012.
36	Kommunestyret	Revidering av budsjett 2012 2. halvår.
37	Formannskapet	Arbeidsmiljøundersøking 2012.
38	Formannskapet	Arbeidsmiljøprisen 2012 til Bømlo kommune.
	Ymse	

## HANDSAMING I MØTE

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
33	Kommunestyret	Sjukefråværet til og med juli 2012. <ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalet er nøgd med at sjukefråværet for 2012 har gått ned noko i høve resultatet i 2011.</li> </ul>
35	Kommunestyret	Tertialrapport 2012. <ul style="list-style-type: none"> <li>Økonomisjef Jarle Nakken orienterte om 2. tertialrapport 2012 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.</li> </ul>
38	Formannskapet	Arbeidsmiljøprisen 2012 til Bømlø kommune. <ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalet ser svært positivt på at Bømlø kommune har motteke arbeidsmiljøprisen for 2012.</li> </ul>
	Ymse	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vedrørende kommunestyresak 102/12 pkt. 2. med underpunkt 8. SIM IKS: «<i>At SIM IKS gjer naudsynte endringar i sjølvkostrekneskapen slik at selskapet sin praksis blir i samsvar med retningslinjene for sjølvkost</i>». <ul style="list-style-type: none"> <li>Kontrollutvalet ber Deloitte AS gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet, i høve punkt 8. i vedtaket, om det ut frå gjeldande lover og reglar er eit krav at SIM IKS må gjera endringar i sjølvkostrekneskapen, slik at selskapet sin praksis blir i samsvar med retningslinjene for sjølvkost.</li> </ul> </li> <li>Møtet vart lukka, vedrørende eit anna saksforhold, under handsaming av dette punktet, med heimel i kommunelova § 31.2 jf. forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13. Ordførar orienterte kontrollutvalet i høve B-sak og svarte på spørsmål frå utvalet.</li> </ol>

Vedtaket var samrøystes.

## VEDTAK

Melding – Ymse pkt. 1.: KST sak 102/12 pkt. 2. med underpunkt 8: SIM IKS:

*«At SIM IKS gjer naudsynte endringar i sjølvkostrekneskapen slik at selskapet sin praksis blir i samsvar med retningslinjene for sjølvkost».*

Kontrollutvalet ber Deloitte AS gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet, i høve punkt 8. i vedtaket, om det ut frå gjeldande lover og reglar er eit krav at SIM IKS må gjera endringar i sjølvkostrekneskapen, slik at selskapet sin praksis blir i samsvar med retningslinjene for sjølvkost.

Meldingane vert elles tekne til orientering.

## 44/12 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk
2	Sekretariatet	Første kontrollutvalsmøte 2013
3	Deloitte AS	Presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsrevisjon 2012, vedlegg.
4	Deloitte AS	Presentasjon av interimrevisjon 2012
5	Sekretariatet	NKRFs kontrollutvalgskonferanse, Gardermoen 6.-7. feb. 2013
6	Sekretariatet	FKT fagkonferanse, Gardermoen 5.-6. juni 2013
7	Sekretariatet	Studietur til Brussel

	Ymse	
--	------	--

## FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontrollutvalet ynskjer framleis å få møteinnkallinga på papir.</li> <li>• Kontrollutvalet bestemte at dei i neste møte skal byrja med om lag ein times kurs i iPad bruk. Kontrollutvalsmedlem John Kåre Torkelsen skal stå for denne opplæringa.</li> <li>• I framtidige kontrollutvalsmøter skal iPad verta teken spesielt opp og utvalet skal såleis kursa/læra kvarandre ut frå behov.</li> </ul>
2	Sekretariatet	Første kontrollutvalsmøte 2013 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dato for første KUV møte i 2013 er sett til tysdag 19.2.2013.</li> </ul>
3	Deloitte AS	Presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsrevisjon 2012, vedlegg. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Else Holst Larsen frå Deloitte AS informerte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.</li> </ul>
4	Deloitte AS	Presentasjon av interimrevisjon 2012 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Else Holst Larsen frå Deloitte AS informerte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.</li> <li>• Interimrevisjon 2012 vart delt ut i møtet.</li> </ul>
5	Sekretariatet	NKRFs kontrollutvalgskonferanse, Gardermoen 6.-7. feb. 2013 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sekretariatet informerte om konferansen og at påmeldingsfristen er sett til 19. desember 2012.</li> <li>• Utvalsleiar presiserte at det var både naudsynt og nyttig i høve oppgåva og sitja i utvalet, at medlemmene deltek på slike konferansar.</li> <li>• Utvalsmedlemmane tek kontakt med utvalsleiar for å avgjera om dei skal delta på denne konferansen.</li> </ul>
6	Sekretariatet	FKT fagkonferanse, Gardermoen 5.-6. juni 2013 <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sekretariatet informerte om konferansen.</li> <li>• Utvalsleiar presiserte at det var både naudsynt og nyttig i høve oppgåva og sitja i utvalet, at medlemmene deltek på slike konferansar.</li> <li>• Utvalsmedlemmane tek kontakt med utvalsleiar for å avgjera om dei skal delta på denne konferansen.</li> </ul>
7	Sekretariatet	Studietur til Brussel <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sekretariatet orienterte om studieturen til Brussel og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.</li> <li>• Sekretariatet sender elektronisk link på aktuell nettsida til utvalet.</li> </ul>

Vedtaket var samrøystes.

## VEDTAK

### Orientering nr. 1.: Status i bruk av iPad:

- Kontrollutvalet ynskjer framleis å få møteinnkallinga på papir.
- Kontrollutvalet bestemte at dei i neste møte skal byrja med om lag ein times kurs i iPad bruk. Kontrollutvalsmedlem John Kåre Torkelsen skal stå for denne opplæringa.
- I framtidige kontrollutvalsmøter skal iPad verta teken spesielt opp og utvalet skal såleis kursa/læra kvarandre ut frå behov.

Orientering nr. 2.: Første kontrollutvalgs møte 2013:

Dato for første KUV møte i 2013 er sett til tysdag 19.2.2013 med møtestart kl. 10.00.

Orientering nr. 5.: NKRFs kontrollutvalgskonferanse, Gardermoen 6.-7. feb. 2013

- Sekretariatet informerte om konferansen og at påmeldingsfristen er sett til 19. desember 2012.
- Utvalsleiar presiserte at det var både naudsynt og nyttig i høve oppgåva og sitja i utvalet, at medlemmene deltek på slike konferansar.
- Utvalsmedlemmane tek kontakt med utvalsleiar for å avgjera om dei skal delta på denne konferansen.

Orientering nr. 6.: FKT fagkonferanse, Gardermoen 5.-6. juni 2013:

- Sekretariatet informerte om konferansen.
- Utvalsleiar presiserte at det var både naudsynt og nyttig i høve oppgåva og sitja i utvalet, at medlemmene deltek på slike konferansar.
- Utvalsmedlemmane tek kontakt med utvalsleiar for å avgjera om dei skal delta på denne konferansen.

Orientering nr. 7.: Studietur til Brussel:

- Sekretariatet orienterte om studieturen til Brussel og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.
- Sekretariatet sender elektronisk link på aktuell nettsida til utvalet.

Kontrollutvalet tar ellers informasjonen til orientering.

**45/12 VURDERING AV OM DELOITTE AS ER UAVHENGIG I HØVE BØMLO KOMMUNE**

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

**HANDSAMING I MØTET**

Forslag til vedtak var samrøystes.

**VEDTAK**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

**46/12 OPPSTART AV PROSJEKT INNAN FORVALTNINGSREVISJON**

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra forvaltningsrevisjon innan .....
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkludert føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, samt ressursbruk for prosjektet.
3. Forslag til prosjektplan skal leverast til sekretariatet innan .....
4. Prosjektplanen skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

**HANDSAMING I MØTET**

Det vart stilt spørsmål om fylkesmannen pr. i dag arbeider med ei liknande sak/rapport i høve Bømlo kommune. Deloitte skal undersøkjia i kva grad dette kan vera gjeldande og melda dette tilbake til utvalet.

Føremål med denne forvaltningsrevisjonen innan PP-tenesta og Barne og familietenesta er å finna ut om kommunen er organisert slik at eksisterande systemet og rutinar sikrar at brukarane får dei tenestene som dei har krav på.

Problemstillingar som utvalet ynskjer at forvaltningsrevisjonen skal setja fokus på er blant anna, organisering, system og rutinar innan tenesta. Korleis sakshandsaminga fungerer. Har dei tilsette nok og riktig kompetanse og kapasitet i høve oppgåvene dei skal løysa. Korleis samordning av tenester til barn og unge fungerer i høve oppgåvene. Og om samarbeid med skulen(ane) (eventuelt andre aktørar) er på eit tenleg nivå for brukarane.

Vedtaket var samrøystes.

#### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra forvaltningsrevisjon innan PP tenesta og Barne og familietenesta.
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkludert føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, samt ressursbruk for prosjektet.
3. Forslag til prosjektplan skal leverast til sekretariatet innan 29.1.2013.
4. Prosjektplanen skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

### **47/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR**

#### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

#### **HANDSAMING I MØTET**

Vedtaket var samrøystes.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

#### **YMSE**

Sekretariatet tok opp problemstillinga om utvalet ynskjer å gå over til «utvalet sitt kvarter» som ei erstatning til «gjennomgang av møteprotokollar». Ved utvalet sitt kvarter, skal utvalsmedlemmane framleis ha det same ansvaret, i høve gjennomgang av ulike møteprotokollar, for deretter å melda tilbake til utvalet. Prosedyren ved utvalet sitt kvarter, så skal utvalsmedlemmane berre ta opp saker som er aktuelle for utvalet. Slik vil det kunna verta spart noko tid i møta.

Vedtaket var samrøystes.

#### VEDTAK:

Kontrollutvalet byter ut «gjennomgang av møteprotokollar» med «utvalet sitt kvarter».

Sonja Hellen Sele  
Leiar

Elin Molven  
Sekretær